

## **Rådmannsmøte fredag 2. oktober 2020 kl. 10.00 – 13.30**

Desse møtte:

Jan Myrekrok, Vinje

Frid Berge, Seljord

Øystein Tveit, Kviteseid

Une Marit Tangen, Fyresdal

Sverre Sæter, Nissedal

John Kleiv, Tokke

Anne Aasmundtveit, Vest-Telemarkrådet

Inger Damberg, skuleelev på arbeidsveke i Vinje kommune

Gunn Anni Hellestad, barnevernleiar møtte under orienteringssak om barneverntenesta

Gerd Kari Skaalen, NAVleiar, møtte under orienteringssak om VTO og VTA

Anne Guro Hommo, prosjektleiar velferdsteknologi møtte under statusrapportering velferdsteknologi

### **Godkjenning av referat frå førre møte**


Referatet vart godkjent

### **Orientering om barneverntenesta: Barnevernsreforma 2022 og krav av ressursteam Gunn Annie Hellestad**

Hellestad orienterte om nye oppgåver, oppbygging av kompetanse, og dei økonomiske konsekvensar av barnevernsreforma 2022.

Kommunane får auka finansieringsansvar for barnevernstiltak frå 2022. D.t får kommunane fullt økonomisk ansvar for ordinære fosterheimar, og eigenandelar vert auka.

Det blir jobba med oppretting av eit ressursteam av kompetanse slik at ein ikkje treng å kjøpe



ulike tenester. Hovudmålet er å hjelpe barna der dei er og møte dei vanskelegaste sakene.

Bareneverntenesta i VT har landa på samarbeid med Notodden. Ressursteamet skal vera like mykje tilstades i Vest-Telemark.

Ressurspersonane skal ut i kommunane. Det viktigaste er at det same tilbodet kjem ut i alle kommunane uavhengig av lokalisering.

Blir kommunestyresak i alle kommunane i løpet av hausten.

Når det gjeld budsjett 2022, må ein gå ut i frå at det blir et nullspel mellom kommune og stat. Likevel må ein vera bevisst på at plasseringane kjem til å koste meir når ein ikkje får refusjon. Orientering om landsomfattande tilsyn.

Det kjem eit budsjettframlegg 2020 snart i frå Øystein i Kviteseid

## Gjennomgang/kvalitetssikring av delegering av paragrafane i sosialtenestelova frå kommunane til Tokke kommune ved Gerd Kari Skaalen

	Antall Løyst	Andel %	VTA	VTO	Sum	Andel
805 Porsgrunn	2917	8,9 %	59	40	99	3,4 %
806 TO Skåne	4390	13,4 %	101	39	140	3,2 %
807 TO Hordaland	1321	4,0 %	19	15	34	0,8 %
814 Sunndal	1103	3,4 %	25	26	51	1,2 %
815 Kragerø	988	3,0 %	27	14	41	1,1 %
817 Ørskog	150	0,5 %	16	9	25	0,6 %
821 Midt-Telemark	1419	4,3 %	35	18	53	1,3 %
826 Tvedestrand	514	1,6 %	18	6	24	0,6 %
830 Vest-Telemark	982	3,0 %	35	25	60	1,5 %
88	13984	42,6 %	351	181	532	12,8 %
1701 Hordaland	2282	6,8 %	51	5	56	1,3 %
1702 Hordaland	1920	5,8 %	57	8	65	1,5 %
1704 Tvedestrand	3733	11,4 %	77	16	93	2,3 %
1706 Lyngdal	1483	4,5 %	62	14	76	1,9 %
1729 Færevang	1798	5,5 %	57	12	69	1,8 %
1730 Sande	4990	15,3 %	117	14	131	3,2 %
97	18896	57,8 %	481	49	530	12,7 %
Sum Region	32790	100,0 %	792	210	1002	24,8 %

- **Status for statlege varig tilrettelagde arbeidsplassar.**

VTO er i det ordinære arbeidsplassmarknaden.

Lite sannsynleg at det kjem fleire VTOer og VTAer i Vest-Telemark pga av høg dekningsgrad. Signala er at det ikkje kjem fleire.

- **Delegering av sosialtenestelova.**

Vertskommune mynde og oppgaver jfr samarbeidsavtale i vertskommunesamarbeider, pkt 2. Gjennomgang av kva for paragrafer som må delegerast. Ved t.d. tilsyn er det viktig at samarbeidsavtala og delegeringsreglement stemmer overeins.

- **Nivå på arbeidsløysa** er veldig bra, stor nedgang, alle kommunane er no under 3%. Vest-Telemark ligg lågast i fylket.

### Drøfting av mandat for revisjon av eigarstrategi VTK

- Ansvarleg lån som kunne bli vurdert om det er behov for.
- Be Ketil Kvåle om å legge fram ny avtale for kommunane
  - Ny eigarstrategi i løpet av komande år
  - Få kommunestyret til å tenke gjennom bruk av utbyttet
  - Nivå på utbytte (50%)
    - Kva er økonomisk best for selskapet
    - Korleis ser verdien av selskap ut til ei kvar tid
- Vilkåra i dag i henhold til utbytte har vore gunstig for selskapet, men og for kommunane i det at utbetaling av utbytte er føreseieleg.
- Svak likviditet i selskapet ved lågt lånenivå.

Øystein tar kontakt med Ketil Kvåle om han kan rekne ut ein god kombinasjon mellom utbytte og rentenivå.

### 2021-budsjettet – disposisjonspott for RU – digitalisering – andre innspel

- Budsjettframlegg 2021 Vest-Telemarkrådet, det skal bli lagt inn eit budsjettforslag på kr 100.000 til rådmennenes budsjett. Står i dag 92.000,- på bunden fond.
- Drøfting av digitaliseringskoordinatorprosjektet
  - Sette digitaliseringsprosjektet litt på vent. Finne andre løysingar i påvente av kva som skjer i DigiTV. DigiTv skal vera med å få på plass dei store nasjonale løysingane.
  - «Shoppe» litt ulike løysingar på tiltaka i handlingsplanen.
- Det er ei utfordring at det i dag er ulike IT-miljø, plattformar og programvare i kommunane.
- Konfigurasjonsstyret bør bli overordna styrande organ (er oppretta eit digitaliseringsutval)
- Anne sender ut ein info-epost om DigiHelse til RU

## **Velferdsteknologiprojektet ved Anne Guro Hommo**

- Fokus på medisineringsstøtte i haust
- Felles ROS-analyse i kvar kommune. Blir lagt inn i Kompilo.
- Rutiner, prosedyrar, i den enkelte kommune. Lokale prosjektgrupper blir no aktive. Lokal prosjekteiar og Anne Guro blir med i kommunane. Møta skjer på teams.
- 2 søknader på videokommunikasjon for å motverke einsomhet
- Digihelse regionalt forskingsråd-samskaping mellom helse og pårørande
- Kartlegging i M-Solution-aktivitetsregistrering er no avslutta. Gir ein god indikasjon på kor mykje ein kan spare på velferdsteknologi.
- Anne Guro sin presentasjon ligg ved

## **Ymsesaker**

### **Samarbeid om behandlingsprotokoll**

Jan spurte om det var interesse for samkjøp av verktøy for behandlingsprotokollar. Personvernomboda har sett på løysinga og vurdert den til å vera god, men det vil som alltid stå på om dette er noko ein kan finne finansiering til. Kan ein ta innsparte lønsmidlar på digitaliseringsprosjektet. Etablerarkostnader kr. 240.000,-. Årlege driftskostnader må den enkelte kommune betale sjølv. Presentasjon av Sureway på nettet. Jan kallar inn til teamsmøte

### **Bytte av legeprogrammer**

Kva for program bruker ein på t.d. på legekantor og på sjukehus? Vinje og Tokke kan kjøpe og dei andre kan følge dei andre. Beste er likevel at ein er samkøyrde i innkjøp.

### **Lokale forhandlingar i kap 3 og 5**

KS tilrår å legge seg under 1,7 % inkl. overheng og glidning. RU drøfta lokale forhandlingar.

## **VTA**

Sverre tok opp spørsmålet om kommunane kan vera med å betale ca 1000 i månaden per arbeidsmarknads plass? Nissedal betalar 43% for desse VTA plassane. Sverre sender ut eit utkast til eit avtaleverk der innbetalinga er på 50%. Tilbakemelding frå RU av ulike årsaker var veldig dårleg. Får m.a. ikkje det ein betalar for i dag. Målet er 1 til 5, men mange treng 1 til 1. Saka blir tatt opp att til hausten 2021.

Anne  
Ref